

VILLREINJAKTA

2023

FELLINGSRESULTAT
OPPSYNSVERKSEMD




INNHALD

VILLREINOMRÅDET	2
FELLINGSRESULTAT 2023	3-10
JAKTAVTALER	10-101
JAKTTILHØVE	122
OPPSYNSVERKSEMD	13-15

VILLREINOMRÅDET

Villreinområdet, som er om lag 4.500 kvadratkilometer, er det tredje største i Norge. I praksis er det delt i to; eitt nord- og eitt sørområde. Nordområdet ligg i Reinheimen (3.075.000 daa) og sørområdet i Breheimen og på Strynefjellet (1.475.000 daa). Administrativt blir det forvalta som ei eining. Området er blant dei få villreinområda som har att tilnærma intakt mangfald av naturtyper og med ein variert topografi, med gode beitedaler til snø- og isbrear. Det meste av området har små inngrep og lite forstyringar, og delen av urørt areal er berekna til om lag 47 %. Reinen får difor dekt sine behov i tilstrekkeleg omfang frå vest til aust.

Området omfattar 27 rettshavarar/vald fordelt på 10 kommunar og 3 fylke. Skjåk, Lom, Vågå, Dovre og Lesja ligg i Innlandet fylke, Rauma, Fjord og Stranda ligg i Møre & Romsdal, medan Stryn og Luster ligg i Vestland fylke.



(Oversiktskart Reinheimen-Breheimen villreinområde)

Fellingsstatistikk 1967 ->					
År	Felte dyr		Sum	Løgger	Fellingsprosent
	Reinheimen	Breheimen			
1967-71			857	1098	78 %
1972-73			624	751	83 %
1974			1139	1459	78 %
1975			1390	1877	74 %
1976			1114	1814	61 %
1977			1485	1798	83 %
1978			1016	1221	83 %
1979			813	1161	70 %
1980			803	1024	78 %
1981			851	1188	72 %
1982			967	1248	77 %
1983	918	105	1023	1217	84 %
1984	664	73	737	877	84 %
1985	814	79	893	1101	81 %
1986	837	86	923	1200	77 %
1987	769	87	856	1202	71 %
1988	1043	75	1118	1309	85 %
1989	806	151	957	1426	67 %
1990	1375	159	1534	1776	86 %
1991	1126	264	1390	1762	79 %
1992	1033	235	1268	1761	72 %
1993	661	253	914	1350	68 %
1994	402	183	585	915	64 %
1995	637	168	805	985	82 %
1996	425	175	600	856	70 %
1997	499	230	729	1004	73 %
1998	515	235	750	988	76 %
1999	681	212	893	1146	78 %
2000	735	200	935	1398	67 %
2001	1051	202	1253	1604	78 %
2002	1019	172	1191	1567	76 %
2003	867	188	1055	1363	77 %
2004	693	135	828	1254	66 %
2005	618	153	771	1195	65 %
2006	511	158	669	1006	67 %
2007	507	153	660	1080	61 %
2008	479	132	611	886	69 %
2009	444	166	610	828	74 %
2010	456	183	639	859	74 %
2011	356	215	571	880	65 %
2012	373	155	528	999	53 %
2013	472	273	745	1025	73 %
2014	517	236	753	1000	75 %
2015	374	182	556	975	57 %
2016	512	156	668	925	72 %
2017	368	213	581	925	63 %
2018	663	179	842	1125	75 %
2019	509	215	724	1000	72 %
2020	290	189	479	750	64 %
2021	570	253	823	1100	75 %
2022	465	169	634	1065	60 %
2023	636	254	891	1300	69 %
Sum			45 051	61 623	73 %

(Tabell 1: Felte dyr 1967-2023)

Fellingsresultat 2023

Årets kvote vart av årsmøtet for Reinheimen-Breheimen villreinutval sett til 1300 dyr, fordelt med 950 løyver i Reinheimen og 350 løyver i Breheimen. Jaktperioden strekte seg frå laurdag 20. august til og med søndag 17. september, totalt 29 jakt dagar. Grunna mistanke om relativ låg fellingsprosent, valde utvalet å utvide jakttida frå 14. – 17. sep. Dette medførte at ytterlegare 76 dyr vart felt. Kortfordelinga var i samsvar med bestandsplanen med slik fordeling:

<i>Kalv</i>	40 %	<i>Bukk under 50 kg</i>	5 %
<i>Simle eller bukk under 40 kg</i>	30 %	<i>Fritt dyr</i>	25 %

For heile området vart det felt 891 dyr, og fellingsprosenten vart såleis 69 %. I tabell 1 kan ein samanlikne utviklinga i kvote, felte dyr og fellingsprosent frå 1967 og fram til i dag. Med utgangspunkt i høg kvote og ein haust med mykje varierende vêr, er utvalet godt nøgde med fellingsresultatet. Ein må attende til 2003 for å finne haust med større tal på felte dyr. Fellingsprosenten varierte mellom vaksne dyr og kalv, med høgare fellingsprosent for vaksne enn kalv. Som vist i tabellen under, vart felling av vaksne dyr 79 % medan det for kalv vart 53 % (tabell 2).

2023					
Område	Kvote	Ant. Felte dyr	Fellings%	Fellings %	Fellings%
				Vaksen	Kalv
Reinheimen	950	638	67 %	77 %	52 %
Breheimen	350	253	72 %	83 %	56 %
Totalt	1300	891	69 %	79 %	53 %

(Tabell 2: Fellingsoversikt med utgangspunkt i kvotefordeling 2023 for villreinområdet)

Den kommunevise og valdmessige fellinga er vist i tabell 3 og 4 under, og viser variasjon mellom kommunane og vald. Kommunane Lom, Vågå, Lesja, Dovre, Rauma, Fjord, Stranda har sitt jaktområde i Reinheimen. Luster og Stryn har sitt i Breheimen, medan Skjåk kommune har jaktområde både i Reinheimen og Breheimen.

Kommune	Kvote	Felte	
		dyr	Fellings%
Skjåk	583	439	75 %
Lom	119	59	50 %
Vågå	40	24	60 %
Lesja	312	190	61 %
Dovre	26	19	73 %
Rauma	72	49	68 %
Fjord	50	43	86 %
Stranda	13	13	100 %
Luster	61	36	59 %
Stryn	24	19	79 %
Sum	1300	891	69 %

(Tabell 3: Kommunevis fellingsoversikt 2023)

Vald	Kvote	Felte dyr	Fellings%
Geiranger Grunneigarlag	8	8	100 %
Geiranger Aust jaktområde	5	5	100 %
Vallidal Villreinområde	27	23	85 %
Tafjord-Muldal villreinjaktvald	3	3	100 %
Øvre Rødal-Kaldhusseter	10	9	90 %
Nedre Rødal jaktområde	7	6	86 %
Herdalen grunneigarlag	3	2	67 %
Voll statsallmenning	3	2	67 %
Grytten statsallmenning	23	14	61 %
Tunga sameie	12	10	83 %
Kabben og Hånådalen grunneierforeining	9	8	89 %
Fremre Brøste sameigelag	12	7	58 %
Øverdalen grunneierlag	3	2	67 %
Medalen grunneigarlag	4	3	75 %
Vermedalen jaktområde	6	3	50 %
Lesjaskog heimrast	59	44	75 %
Lordalen statsallmenning	214	118	55 %
Lesja heimrast	39	28	72 %
Dovre vestsida grunneigarlag	26	19	73 %
Vågå fellesområde	40	24	60 %
Finndalen statsallmenning	99	51	52 %
Vårdalen statsallmenning	6	2	33 %
Lia grunneigarlag	14	6	43 %
Skjåk Almenning, nord	318	241	76 %
Skjåk Almenning, sør	265	198	75 %
Stryn statsallmenning m.fl.	24	19	79 %
Luster fellesområde	61	36	59 %
Sum	1 300	891	69 %

(Tabell 4: Fellingsoversikt 2023 fordelt på ulike rettshavarar/vald)



(Oppsyn krysser Kvennåa i Reinheimen)

Nedafor følger detaljert fellingsstatistikk på dei ulike valda/rettshavarane i høvesvis Reinheimen og Breheimen, fordelt på alder og kjønn.

Rettighetshaver	Komm.	Fylke	Kalv				Eldre				Felt totalt	Kvote	Fellings %
			1,5 år	Sum	1,5 år	Sum	1,5 år	Sum	1,5 år	Sum			
Skjåk Almenning	Skjåk	Innlandet	37	10	55	102	46	9	84	139	241	318	76 %
Finndalen statsalmenning	Lom	Innlandet	4	6	16	26	7	2	16	25	51	99	52 %
Lia grunneigarlag	Lom	Innlandet	0	1	2	3	1	0	2	3	6	14	43 %
Vårdalen statsalmenning	Lom	Innlandet	0	0	1	1	0	0	1	1	2	6	33 %
Vågå fellesområde	Vågå	Innlandet	4	3	5	12	5	0	7	12	24	40	60 %
Lordalen statsalmenning	Lesja	Innlandet	17	5	34	56	13	3	46	62	118	214	55 %
Lesjaskog heimrast	Lesja	Innlandet	9	2	11	22	7	1	14	22	44	59	75 %
Lesja Heimrast	Lesja	Innlandet	7	1	7	15	1	1	11	13	28	39	72 %
Dovre vestsida gr.lag	Dovre	Innlandet	2	2	7	11	2	1	5	8	19	26	73 %
Grytten statsalmenning	Rauma	M&R	2	1	5	8	0	1	5	6	14	23	61 %
Fremmer Brøste	Rauma	M&R	2	0	3	5	1	0	1	2	7	12	58 %
Kabben/Hånådalen	Rauma	M&R	1	0	2	3	2	0	3	5	8	9	89 %
Tunga sameie	Rauma	M&R	2	0	3	5	2	0	3	5	10	12	83 %
Øverdalen grunneigarlag	Rauma	M&R	0	1	1	2	0	0	0	0	2	3	67 %
Medalen grunneigarlag	Rauma	M&R	0	0	0	0	1	0	2	3	3	4	75 %
Vermedalen jaktområde	Rauma	M&R	0	1	1	2	0	0	1	1	3	6	50 %
Voll statsalmenning	Rauma	M&R	1	0	0	1	0	0	1	1	2	3	67 %
Valldal villreinområde	Fjord	M&R	1	1	6	8	8	2	5	15	23	27	85 %
Herdal grunneigarlag	Fjord	M&R	0	0	1	1	0	0	1	1	2	3	67 %
Tafjord/Muldal Reinj.v.	Fjord	M&R	1	0	1	2	0	1	0	1	3	3	100 %
Ø.Rødal-Kaldhussæter	Fjord	M&R	2	0	2	4	1	0	4	5	9	10	90 %
Nedre Rødal	Fjord	M&R	1	0	2	3	1	0	2	3	6	7	86 %
Geiranger grunneigarlag	Stranda	M&R	1	1	3	5	2	0	1	3	8	8	100 %
Geiranger Aust j.omr.	Stranda	M&R	1	0	0	1	1	0	3	4	5	5	100 %
Totalt			95	35	168	298	101	21	218	340	638	950	67 %

BREHEIMEN TOTALT FELLINGSRESULTAT 2023													
Rettighetshaver	Komm.	Fylke	BUKK				SIMLE				Felt totalt	Kvote	Fellings %
			Kalv	1,5 år	Eldre	Sum	Kalv	1,5 år	Eldre	Sum			
Skjåk Almenning	Skjåk	Innlandet	40	13	59	112	22	7	57	86	198	265	75 %
Luster fellesområde	Luster	Vestland	6	2	8	16	5	2	13	20	36	61	59 %
Stryn statsalmenning	Stryn	Vestland	1	2	5	8	4	0	7	11	19	24	79 %
Totalt			47	17	72	136	31	9	77	117	253	350	72 %

BREHEIMEN SØRVEST FELLINGSRESULTAT 2023													
Rettighetshaver	Komm.	Fylke	BUKK				SIMLE				Felt totalt	Kvote	Fellings %
			Kalv	1,5 år	Eldre	Sum	Kalv	1,5 år	Eldre	Sum			
Skjåk Almenning	Skjåk	Innlandet	15	1	18	34	5	0	18	23	57	76	75 %
Stryn statsalmenning	Stryn	Vestland	1	2	5	8	4	0	7	11	19	24	79 %
Totalt			16	3	23	42	9	0	25	34	76	100	76 %


BREHEIMEN SØRØST FELLINGSRESULTAT 2023													
Rettighetshaver	Komm.	Fylke	BUKK				SIMLE				Felt totalt	Kvote	Fellings %
			Kalv	1,5 år	Eldre	Sum	Kalv	1,5 år	Eldre	Sum			
Skjåk Almenning	Skjåk	Innlandet	25	12	41	78	17	7	39	63	141	189	75 %
Luster fellesområde	Luster	Vestland	6	2	8	16	5	2	13	20	36	61	59 %
Totalt			31	14	49	94	22	9	52	83	177	250	71 %

(Tabell 5: Detaljert felling 2023, sortert på Reinheimen og Breheimen)

	Årskolv		Eldre >2,5	Sum
	1,5 år	år	år	
Reinheimen				
Hanndyr	15 %	5 %	26 %	47 %
Hodyr	16 %	3 %	34 %	53 %
Sum	31 %	9 %	61 %	
Breheimen				
Hanndyr	19 %	7 %	28 %	54 %
Hodyr	12 %	4 %	30 %	46 %
Sum	31 %	10 %	59 %	


(Tabell 6: Prosentvis fordeling av felte dyr i alderskategori og kjønn 2023)

Statistikken som følger nedanfor er basert på rapporterte dyr gjort av jegerane i hjorteviltregisteret. Statistikkgrunnetlaget utgjør 731 av 891 felte dyr.



(Figur 7: Fordeling på antal felte dyr på dato i jaktperioden)

Figur 7 og 8 viser framleis at majoriteten av dyra blir felt i starten av jakta sjølv om det er meir utjamna samanlikna med fellinga i 2022. Det som skil seg ut i 2023 samanlikna med 2022, er at felling fordelt på vekedagar er langt meir likestilt. I 2022 var det ein langt større prosentdel felling på helg. Oppsynskorpset har bevisst prøvd å rettleie jegerane i større grad på vekedagar for å fordele jakttrykket i større grad. Slik sett kan ein tolke denne framstillinga som at tiltaket lykkast i 2023.



(Figur 8: Prosentvis fordeling av dyr på vekedagar)

Kalvevekter


Kalvevektene for 2023 viser ein liten oppsving samanlikna med 2022. Likevel er vektene framleis under normalen for perioden 2012-2018. Nedgangen i 2018 ser ut til å ha sett sitt preg også for dei fylgjande åra. Samla fellingsresultat for 2023 viser ei gjennomsnittleg slaktevekt på 18,9 kg i Breheimen og 18,3 i Reinheimen (samla for begge kjønn). I sum er dette gode slaktevekter med kvalitetsnormen som parameter. Samla snitt for simlekalvane er 17,8 kg. Dette er tett oppunder god klassifisering. Kalvevektene har samanheng med ulike faktorar som kondisjon til simlene, paringstidspunkt, beitetilgang for simler gjennom vinter, vår – og sommarbeite, antal i bestanden m.m.). I bestandsplanen skal vinterstamma reduserast til ca. 1800 dyr i Reinheimen og 650-700 dyr i Breheimen. I tabellen under er det teke utgangspunkt i rapporteringar gjort av jegerane i hjorteviltregisteret. Dette er faktiske og anslagsvise vekter.

	1967/69		1981/82	2000	2009	2016	2022	2023						
Reinheimen														
Simlekalv	25,9	4	22,1	46	20,3	42	18,6	31	19,5	33	16,7	54	17,8	79
Bukkekalv	30,7	8	23,9	76	22,0	45	20,1	34	20,2	46	17,1	60	18,8	75
Breheimen														
Simlekalv	23,4	8	19,1	3	20,4	26	21,1	20	19,3	19	17,3	27	17,8	21
Bukkekalv	26,7	5	24,4	8	23,1	21	23,0	16	21,6	19	18,3	19	20	32

(Tabell 9: Kalvevekter (slaktevekt i kg) og antal dyr registreringar med lita skrift. Faktisk vekt og anslagsvis vekt er med i statistikken).

Kvalitetsnormen for villrein av april 2022 slår fast at slaktevekt for kalv er: «en sensitiv parameter og gir et godt mål på beitenes kvalitet og bestandens tilstand. Dette beror på at kalvene er de som i størst grad påvirkes av variasjon i miljøforhold, og at vektene på kalvene også reflekterer mattilgangen og vektene på simlene. Høy kalvevekt om høsten øker overlevelse gjennom den første vinteren og øker sjansen for at simlene får sin første kalv som toåring».

Kvalitetsnormen bruker 4. september som standardiseringsdato (median fellingsdato) og simlekalver som standard kjønn. Figuren nedenfor viser utviklinga i slaktevektene hjå simlekalvane i Reinheimen-Breheimen. Det er ikkje korrigert for fellingstidspunkt i jakta, ei heller om det er faktisk eller anslagsvis vekt.



(Figur 10: Utvikling i slaktevekt for simlekalver fordelt på Reinheimen og Breheimen 2012-2023. Det er oppgjeve kor mange dyr som inngår i statistikken. Vektene er ikkje korrigert for fellingstidspunkt, ei heller om det er faktisk eller anslagsvis vekt).

I kvalitetsnormen er det fastsett tilstandskategorier for slaktevekter for simlekalv som er slik:

Dårlig	Middels	God
< 15 kg	15–18 kg	> 18 kg

Villreinutvalet heldt fram med premiering av uttak av små kalvar under 14 kg også i 2023. Ordninga går ut på at dersom jegerar fellar kalvar under 14 kg kan ein jakte vidare på ny kalv dersom oppsynet veg og godkjenner dyret. Det vart felt 11 slike kalvar i 2023 mot 12 året før og 7 stk i 2021. 3 av desse vart felt i Breheimen.

Diverse frå årets jakt

Tabellen nedanfor viser blant anna type dyr felt på fritt kort og 40 kg/simlekort. Tala er basert på kjevelister frå felte dyr i Skjåk Almenning, Lordalen Statsalmenning og Finndalen for Reinheimen og Skjåk Almenning for Breheimen. Resultatet viser ei prosentvis fordeling om lag lik som i 2022, og at det fortrinnsvis blir felt eldre bukk på kategori fritt dyr. For kategori simle/40 kg blir det fortrinnsvis felt vaksen simle.

Type dyr felt på type kort 2023	Reinheimen		Breheimen	
Fritt dyr (180 reg.)	Vaksen bukk>2,5 år	91 stk 69 %	50 stk 91 %	
	Vaksen simle>2,5 år	30 stk 23 %	2 stk 4 %	
	1,5 års bukk	2 stk 1,5 %	2 stk 4 %	
	1,5 års simle	1 stk 0,75 %	1 stk 2 %	
	Kalv	1 stk 0,75 %	0 stk 0 %	
Bukk under 40 kg/simle (196 reg.)	Vaksen bukk>2,5 år	0 stk 0 %	0 stk 0 %	
	Vaksen simle>2,5 år	105 stk 77 %	49 stk 82 %	
	1,5 års bukk	18 stk 13 %	5 stk 8 %	
	1,5 års simle	10 stk 7 %	5 stk 8 %	
	Kalv	3 stk 2 %	1 stk 1,5 %	

(Figur 11: type dyr felt på type kort).

5 tyngst simler (vegde)	5 tyngste bukkar (vegde)
48 kg (Reinheimen)	111 kg (Breheimen, sørvest)
47 kg (Reinheimen)	100 kg (Breheimen, søraust)
46 kg (Breheimen, sørvest)	98 kg (Breheimen, søraust)
45 kg (Breheimen, søraust)	95 kg (Breheimen, søraust)
45 kg (Reinheimen)	94 kg (Breheimen, søraust)

CWD

Skrantesjuka (CWD), ein smittsam og dødeleg sjukdom, vart påvist fyrste gong på ei villreinsimle i Nordfjella sone 1 seinvinteren 2016. Frå og med jakthusten 2018 vart det gjennomført innsamling frå alle villreinområde i Norge. Sidan den gong har det vore samla inn prøver frå 2628 felte vaksne dyr i vårt område, der talet innsendte prøver i 2023 var på 541 stk. Alle prøver har fram til no vore negative, altså ingen påvisning av CWD – heldigvis. Meir om CWD kan lesast [her](#).

JAKTAVTALER

Reinheimen:

Under jakta oppheld villreinen seg stort sett i Innlandet (Oppland) fylke. Dette har ført til at grunneigarar og rettshavarar i Møre og Romsdal har sikra seg tilgang til jaktområda i Lesja og Skjåk gjennom egne jaktavtaler. Rettshavarar i Rauma har avtale med Lesja om å få jakte på Lesja sitt jaktområde. Slik jaktavtale har også rettshavarar i Dovre, sidan villreinen i liten eller ingen grad brukar området aust for Slådalsvegen. Alle desse jaktkorta, inkludert Lesja sine jaktkort, var stempla *Lesja Reinheimen*.


Rettskavarane i Fjord og Stranda har liknande avtale med Skjåk Almenning. Desse jaktkorta, inkludert Skjåk sine kort, var stempla *Skjåk Reinheimen*.

Rettskavarane i Lom og Vågå har interne avtaler om felles jaktområde, og desse korta er stempla *Fellesområde Finndalen*.

Avtalene sikrar samstundes tilgang til det opne jaktområdet i Reinheimen – altså området som omfattar kommunane Vågå, Lom og dei delane av Skjåk og Lesja som ligg aust for Tora elv frå Billingen gjennom Tordalen til Tverråe opp til Torsvatnet og vider nordover til fylkesgrensa mot Møre og Romsdal. For områda i Møre og Romsdal er det framleis ikkje opna for jakt. Det same er området sør for Aursjoen i Skjåk og områda i Dovre. Det opne jaktområdet var eitt felles jaktområde gjennom heile jakta, under føresetnad at jeger gjekk inn frå eige jaktområde (står på jaktkortet). I tillegg kunne jegerar med kort stempla *Fellesområdet Finndalen* jakte i både Skjåk- og Lesjaområdet, og jegerar med kort stempla *Lesja-Reinheimen* eller *Skjåk-Reinheimen* jakte i *Fellesområde Finndalen*. Dette var gyldig for fellesdagane 29.-30. og 31. august, samt 5-6-7. september. Unge jegerar (20 år og yngre) kunne jakte i heile det opne Reinheimen-området heile jakta, på eiga kort.

Breheimen:

Her har Stryn og Luster inngått avtale med Skjåk Almenning om å jakte med sine kort i Skjåk. Desse korta er stempla *Breheimen Skjåk ØST*, medan Stryn har sine kort stempla *Breheimen Skjåk VEST*. Også i Breheimen held dyra seg stort sett innan Skjåk og Innlandet (Oppland) fylke. I Breheimen sør-aust vart det i år opna for jakt på villrein på Lom Fjellstyre sitt område nord for Høydalen (sjå kart). Dette kom i stand etter dialog mellom Reinheimen-Breheimen villreinutval og Lom fjellstyre, samt dispensasjon frå Miljødirektoratet.



JAKTTILHØVE

I motsetning til fjoråret, som var prega av stabilt, varmt og fint vær, var årets vær-situasjon ein heilt anna. Varierende vær med ein del vind og nedbør, og få finværsdagar prega årets reinsjakt. Dette resulterte nok i at reinen fekk fleire dagar «fri» pga. ruskete vær, og at dei såleis fekk tid til å spreie seg meir geografisk. Over heile området sto dyra spredt dei fyrste dagane, men samla seg etter kvart i større flokkar utover jakta.

Reinheimen

I Reinheimen sto dyra ganske spredt dei fyrste dagane, heilt frå Hegebottfly i vest til Brettinga i aust, og ein del dyr nord for Lordalen. Med relativt stabilt vestavær dei fyrste dagane fløtte dyra seg vestover og dyra frå Finndalen trekte mot Skjåk. Perioda 23.-28. august var prega av mykje nedbør og dårleg sikt, og såleis har reinen lett for å stikke seg bort. Det vart observert dyr her og der, men i månadsskiftet august/september kom det mange dyr og fleire flokkar til området Nordre Vigga/Gråhø på Lesja. Her vart dei ståande i fleire dagar, og fleire jegerar nytta seg av fellesjakt dagar her. Etter kvart trekte dyra vestover, var så vidt innom Finndalen, men i all hovudsak var hovudmassen samla i grenseområdet Skjåk/Lesja i resten av jakta. Dei siste dagane sto mykje dyr i området Aursjoen/Heggebottfly i Skjåk, og det samla seg også mykje jegerar her. Jakta føregjekk ganske greitt likevel, og det vart felt mange dyr i Reinheimen dei 3 dagane utvalet forlengte jakta. Med årets vær og vindretning var nok Finndalen det området som hadde minst dyr, noko som kan forklare ein lågare fellingsprosent i der. Med dei observasjonane som vart gjort gjennom jakta tydar det på at det også i år var reinflokkar nord for Lordalen heile jakta. Dette området er stort og uoversiktleg, og med tidvis dårleg vær er dei ikkje lette å finne.

Breheimen sør-aust

Som nemnt tidlegare vart det i år opna for jakt nord for Høydalen på Lom fjellstyre sin grunn. Såleis fekk jegerane moglegheit til å jakte bukk på eit mykje større område enn tidlegare, og kunne ta utgangspunkt frå blant anna Neto og Høydalsseter for jakta. Fredningssona som vart innført i Lundadalen i 2016 vart også oppheva grunna avtalen med Lom Fjellstyre. Vegen innover Lundalen var derimot stengt fram til 1. september som følgje av herjingane etter uværet Hans. Grunna mykje vestleg og sør-vestleg vindretning brukte fostringsflokkane i hovudsak området mellom Tundradalen og Bråtådalen gjennom jakta, samt indre deler av Tundradalen. I månadsskiftet august/september var det samla mykje dyr i området Skjellfly/Gjelåflaten, der det også vart felt mange dyr. Storbukkane heldt seg for det meste i grenseområdet mellom Skjåk/Lom i starten av jakta, men også utanfor jaktbart område på Lom-sida. Ein del bukkar kom relativt tidleg (28. august) og blanda seg med den eine fostringsflokk, medan fleire kom i tida rundt 7-8 september. Det vart felt 49 eldre bukkar i Breheimen sør-aust i 2023, mot 35 i 2022. På Lomssida vart det felt minimum 4 storbukkar i tillegg til ein del i grenseland. Hausten var noko spesiell med at ikring 150 bukkar held seg i Lundadalen alt ved jaktstart. I tillegg var det minimum ein bukkeflokk på området til Lom Sameige (freda). Dette gjorde at det var relativt lite bukk tilgjengeleg på område til Lom Fjellstyre.

Breheimen sør-vest

Dei fyrste dagane sto dyra spredt frå Glittervatnet til Mårådalen, og det vart også felt dyr i Breidalen (sør for RV15). I august og starten av september heldt fostringsflokkane seg i området Glittervatnet, Mårådalen og Vassvendegge, medan dei mot slutten av jakta trekte mot Raudalen og dei indre delane der. Av dei 3 delområda vi har i Reinheimen-Breheimen villreinområde, er nok Breheimen sør-vest det området som blir mest påverka av vestlandsværet og mykje dårleg sikt gjorde nok sitt til at fellingsprosenten ikkje vart heilt optimal. Likevel var det betre enn fjoråret – 76 % mot 66 %.

OPPSYNSVERKSEMD

Det årlege oppsynsmøte vart halde 16. august i Lom. Det vart via ein del tid til gjennomgang av fjorårets jaktsaker og rapportskriving. Arrangøren av møtet var Villreinutvalet i samarbeid med SNO, eit samarbeid som har fungert godt i ei årrekkje. Oppsynskorpset består av personar som har tilknytning til ulike geografiske delar av villreinområdet. Villreinutvalet har tett samarbeid med SNO når det gjeld oppsynsverksemd, og sjølv om det er Villreinutvalet som organiserer og har ansvar for opplegget, er dette i samråd med Miljødirektoratet og SNO. I år som i fjor tilrødde Miljødirektoratet gjennom SNO slik prioritering for oppsynet:

Prioriteringar

Generelt tilrår vi følgjande prioritering:

- **Informasjon, rettleiing og oppsyn til stades i terrenget**
- **Kontroll med viltlova sine reglar om human og sikker jakt og om plikt til å ettersøke skadd vilt**
- **Heilskapleg oppsyn, t.d. kontroll med motorferdsel i utmark og vassdrag der dette er aktuelt i samband med jakta, og kontroll med verneforskrifter der jakta blir utført i verneområde.**

Kvar enkelt oppsyn har eigen oppsynsinstruks og blir leda og koordinert av oppsynsleiinga. Oppsynsleiarfunksjonen var ei tredeling mellom Vidar Vange (leiar villreinutval), Jo Trygve Lyngved (avtroppande sekretær villreinutval/SNO) og Per Olav Haugen (SNO). Desse hadde ansvar som oppsynsleiar i 3 dagers-bolkar, der jegerar og andre kunne nå desse via eitt felles telefonnummer (45 89 99 10). Oppsynsleiarane har ansvar for å fordele oppsyn med bakgrunn i reinens tilhald, gjera prioriteringar for oppsynsverksemda, halde kontakt med jegerar og føre logg over aktuelle hendingar og situasjonar den enkelte dag. Oppsynsloggen vart distribuert mellom oppsynsleiarane dagleg, og dei hadde såleis god oversikt over hendingar kvar enkelt dag. På den måten hadde dei høve til å følgje opp sakar som gjekk frå ein dag til ein annan, sjølv med skifte av oppsynsleiar (t.d. skadeskyting og ettersøk påfølgjande dag).

Reinens tilhald vart publisert gjennom grovskalert informasjon på nyetablert heimeside til villreinutvalet – www.villreinutvalet.no. I perioden 19. august til 17. september hadde sida 116.000 sidevisningar.

Villreinutvalet sende også i år ut sin eigen jaktfolder ilag med jaktkorta. Den inneheld aktuell informasjon og tips (instruksjonar), samt relevante namn og telefonnummer.



Litt om oppsynsverksemda

Oppsynskorpset blir tildelt tenestebevis av Statens naturoppsyn (SNO). Dei som ikkje er tilsette i SNO er blir godtgjort av villreinutvalet, og oppsyna har arbeidsavtale og arbeidsintruks i tida mellom 19. august og 20. september. Dei er i dette tidsrommet forsikra i samsvar med lovkravet til yrkesskade og -sjukdom.

Villreinutvalet er rettshavarane sitt organ, og kan med dette som rettsgrunnlag drive privatrettsleg oppsyn med eigne rettar under jakta. SNO og villreinutvalet samarbeider med villreinoppsynet både når det gjeld tilsynet med jaktutøvinga og gjennomføring av registrering og dokumentasjon i villreinområda. Oppsyn som har fått tildelt avgrensa politimynde og/eller naturoppsynsbevis frå SNO, kan utføre kontroll innan det geografiske området og innan dei lovområda dette mynde gjeld. Under utøving av politimynde står det einskilde oppsyn under leiing av politimestaren og rapporterer direkte til politiet. Det einskilde oppsyn har etter forvaltningslova og politilova streng teieplikt i tenesta. SNO sine oppsyn har med heimel i naturoppsynslova og naturmangfaldlova eit direkte ansvar for kontroll med føresegnene i viltlova, og har som regel også avgrensa politimynde.

Det er grunnleggjande at oppsynet er godt kjent med reglane slik at jegerar kan bli rettleia når det er naudsynt. Likskap for lova vil vere eit krav til oppsyn sett frå jegeren si side, det vil m.a. seie at oppsynet må reagere mest mogleg likt på same slags jaktåtferd. Oppsynet bør, gjennom informasjon og rettleiing, prioritere å gje hjelp til ungdom og til jegerar med lite erfaring. I møte med jegerane skal oppsynet halde ein god tone, opptre sakleg og nøytralt og ikkje la seg provosere av jegeråtferd som kan verke uheldig.



(Flokk i Breheimen siste jakt dag 2023. Foto; K. Dagsgard)

Ved å være synlege i terrenget der jakt skjer, samt gje rettleiing og informasjon til jegerane, skal oppsynet gjera jegerane bevisste på at det er oppsyn i området. Vidare skal oppsynet sjå til med utøving av jakta – og om jegerane har nødvendige dokument, kontrollkort, attestert skyteprøve, våpenkort, våpen og ammunisjon i orden. Utvalet prioriterte oppsynsfolk i dei områda ein visste det var rein og jegerar, og nedprioriterte dei område som var «usikre» med tanke på dette.

I tillegg til vanleg oppsynsverksemd utfører korpset ein del registreringsarbeid (slaktevekte, mjølk hjå felte simler mv.) til bruk i forvaltninga. Vidare blir det samla inn prøver frå vaksne simler i samband med overvaking av radiocesium i villreinkjøtt.

Evalueringsmøte blir halde kvart år i etterkant av jakta, der sentrale oppsynsfolk drøftar jakta generelt og jakthendingar spesielt. I år vart møtet halde dagen etter jaktslutt (18. september), og årets jakt var såleis friskt i minne. Kvart år skjer det uheldige hendingar i jakta, og grovt sett går dei same att år etter år. Dette gjeld fyrst og fremst 1) manglande og/eller ugyldige dokument, 2) skyting på langt hald, 3) uforsvarleg bakgrunn, 4) dobbelskyting og 5) manglande ettersøk. I alt vart det 12 jaktrapporter/meldingar, der 8 av desse er meldt til politiet av det respektive oppsyn. Av meldingane til politiet omhandla 4 stk. skyting mot usikker bakgrunn/siluett, 2 stk. ugyldig jegeravgiftskort, 1 stk. på manglande ettersøk og 1 stk. på manglande jaktkort. Bruk av jegerkontrakt avlastar rettsapparatet, da mindre episodar blir handtert som brot på privat-rettsleg avtale, og 5 (12 stk. i 2022) jegerar fekk gebyr for feilfelling. 1 dyr med fotrâte vart registrert denne hausten.

Oversikt oppsynsinnsats		2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1	Antall timer feltarbeid	2256	2202	1798	2415	2855	2867	2186	2400
2	Antall timer administrasjon	86	132	50	75	106	154	130	191
3	Antall informerte personer	1284	1134	832	1041	1142	1328	898	725
4	Antall kontrollerte jegere	249	240	234	246	230	352	217	341
5	Antall fall sett, men ikke kontr.	151	153	119	104	97	107	104	144
6	Antall anmeldelser vedr jakten	3	4	3	6	3	3(2)	6	8
7	Antall advarsler(OPS)*	17	9	14	15	2	20	10	14
8	Antall rapporter/meldingar	10	17	14	21	14	12	8	4
9	Ant. skadde dyr sett av oppsyn	17	25	14	23	5	27	7	11
10	Ant skadde dyr avlivet av oppsyn	0	6	5	5	2	8	2	1
11	Ant. dyr funnet døde av oppsyn	1	2	3	0	0	1	0	3
12	Antall skadde dyr sett av jeger	17	15	13	14	5	12	9	3
13	Ant. skadde dyr avlivet av jeger	12	14	7	7	5	12	7	7
14	Antall dyr funnet døde av jeger	2	4	5	0	2	1	1	0

I år deltok SNO med 5 personar og bidrog med 39 dagsverk i felt, 19 dagsverk som oppsynsleiar, tilgang til sambandsnett/nødnett og økonomisk tilskot til oppsynsverksemda på kr 56.000,-. Oppsynstenesten inkludert oppsynsleiar 2023 utgjorde xxx (171 i 2022) dagar i felt, vart finansiert av villreintvalet og hadde ein kostnad på om lag kr. xxx.xxx (kr. 310.000 i 2022) eller ca. kr xxx pr. jaktkort (kr. 291 i 2022).